



International
Federation of
Library
Associations and Institutions



unesco

Information for All
Programme

Folkebibliotekmanifest frå IFLA/UNESCO 2022

Fridom, framgang og utvikling av samfunn og individ er grunnleggjande menneskelege verdiar. Dette er berre mogleg å oppnå dersom godt opplyste borgarar er i stand til å utøve dei demokratiske rettane sine og ha ei aktiv rolle i samfunnet. Tilstrekkeleg utdanning pluss fri og uavgrensa tilgang til kunnskap, refleksjonar, kultur og informasjon er føresetnader for konstruktiv deltaking i og utvikling av demokratiet.

Folkebiblioteket gir lokal tilgang til kunnskap, utgjer eit grunnleggjande vilkår for livslang læring, uavhengig avgjerdstaking og kulturell utvikling for både sosiale grupper og den enkelte. Biblioteket bidrar til levande kunnskapssamfunn ved å gi tilgang til og mogleggjere kreativitet og deling av all slags kunnskap, inkludert vitskapleg og lokal kunnskap, utan kommersielle, teknologiske eller rettslege hinder.

I alle land, men spesielt i utviklingsland, bidrar biblioteka til å sikre at retten til utdanning og deltaking i kunnskapssamfunn og i det kulturelle fellesskapet er tilgjengeleg for så mange som mogleg.

Dette manifestet uttrykkjer trua UNESCO har på folkebiblioteket som pådrivar for utdanning, kultur, inkludering og informasjon, og som viktig verktøy for berekraftig utvikling og for å fremje fred og åndeleg utvikling og velferd blant menneske.

UNESCO oppfordrar difor nasjonale og lokale styresmakter til å støtte og engasjere seg aktivt i utviklinga av folkebibliotek.

Folkebiblioteket

Folkebiblioteket er informasjonssenteret i nærmiljøet og skal gjere all slags kunnskap og informasjon lett tilgjengeleg for brukarane. Det er ein avgjerande del av kunnskapssamfunnet og må heile tida tilpasse seg nye kommunikasjonsmetodar for å oppretthalde allmenn tilgang til informasjon, og bidra til at alle kan nyttiggjere seg denne. Biblioteket er ein offentleg tilgjengeleg stad for kunnskapsproduksjon, deling og utveksling av informasjon og kultur og for å fremje samfunnsengasjement.

Bibliotek skaper fellesskap, når aktivt ut til nye målgrupper og lyttar til brukarane i utforminga av tenester som oppfyller lokale behov og bidrar til å betre livskvaliteten i samfunnet. Ålmenta stoler på biblioteket sitt, og folkebiblioteket har som mål å proaktivt halde samfunnet informert og årvakt.

Tenestene til folkebiblioteket byggjer på prinsippet om at alle skal ha det same tilbodet, uansett alder, etnisitet, kjønn, religion, nasjonalitet, språk, sosial status eller andre karakteristikkar. Tilrettelagde tenester og medium skal stillast til rådvelde for brukarar som av ein eller annan grunn ikkje kan nyttiggjere seg det vanlege

bibliotektilbodet. Dette kan til dømes vere språklege minoritetar, sjukehuspasientar, innsette i fengsel eller menneske med nedsett funksjonsevne, manglande digital kompetanse eller dårleg lesekompetanse.

Alle aldersgrupper skal kunne finne bøker og andre medium som passar for dei. Samlingar og tenester skal omfatte alle former for eigna medium og moderne teknologi i tillegg til tradisjonelle medium. Desse skal halde høg kvalitet, vere relevante for lokale behov og forhold og spegle det språklege og kulturelle mangfaldet i samfunnet. Media skal vere aktuelle, spegle samfunnsutviklinga og vitne om menneskeleg strev og kreativitet.

Samlingar og tenester skal ikkje vere underlagde noka form for ideologisk, politisk eller religiøs sensur, og heller ikkje kommersielt press.

Oppgåvene til folkebiblioteket

Følgjande oppgåver knytt til informasjon, lese- og skrivekompetanse, utdanning, inkludering, samfunnsengasjement og kultur skal stå sentralt i tenestene til folkebiblioteket. Med desse oppgåvene bidrar folkebibliotek til å nå berekraftsmåla til FN og skape meir rettferdige, humane og berekraftige samfunn.

Folkebiblioteka skal

- gi usensurert tilgang til eit breitt spekter av informasjon og idear, pluss støtte formell og uformell utdanning på alle nivå og livslang læring som mogleggjer kontinuerleg og frivillig kunnskapssøken på eige initiativ, for menneske i alle livsfasar
- opne for personleg kreativ utvikling og stimulere til fantasi, kreativitet, nyfikne og empati
- skape og styrkje lesevanar frå fødsel til vaksen alder
- ta initiativ til, støtte og delta i aktivitetar og program for utvikling av lese- og skrivekompetanse, og leggje til rette for utvikling av medie- og informasjonkunnskap pluss digital kompetanse for menneske i alle aldrar, for på den måten å styrkje og bidra til eit informert, demokratisk samfunn
- tilby tenester til lokalsamfunnet både fysisk og digitalt gjennom digitale teknologiar som gir tilgang til informasjon, samlingar og program når det er mogleg
- sjå til at alle har tilgang til all slags samfunnsinformasjon og høve til å delta i organiseringa av samfunnet, som stadfesting på den sentrale rolla biblioteket har i samfunnet
- gi lokalsamfunnet tilgang til vitskapleg kunnskap i form av t.d. forskingsresultat og helseinformasjon som kan påverke livet til brukarane og gjere det mogleg å ta del i vitskaplege framsteg
- tilby tilstrekkelege informasjonstenester til lokale verksemder, samskipnader og interessegrupper
- bevare og gi tilgang til informasjon, kunnskap og kulturarv (inkludert munnleg tradisjon) om lokale forhold og urfolk, for å skape eit miljø der lokalsamfunnet kan ta ei aktiv rolle i å finne medium som bør samlast inn, takast vare på og delast, i samsvar med det lokalsamfunnet sjølv ønskjer
- bidra til tverrkulturell dialog og fremje kulturelt mangfald
- fremje bevaring av og tilgang til kulturuttrykk og kulturarv, kunstforståing, fri tilgang til vitskapleg kunnskap, forskning og innovasjon, slik dette kjem til uttrykk i tradisjonelle medium og i digitalisert og digitalt materiale

Finansiering, lovgiving og nettverk

Tilgangen til sjølve bygget og tenestene som folkebiblioteket tilbyr, skal i prinsippet vere gratis. Lokale og nasjonale styresmakter har begge ansvar for folkebiblioteket. Biblioteket må støttast av spesifikk og oppdatert lovgiving i tråd med internasjonale traktatar og avtalar. Det må finansierast av nasjonale og lokale styresmakter. Folkebiblioteket skal vere eit vesentleg element i alle langsiktige strategiar for kultur, informasjonstilgang, lese- og skrivekompetanse og utdanning.

I den digitale tidsalderen må lovgiving om opphavsrett og immaterielle rettar sørge for at folkebibliotek kan ha same kapasitet til å innhente og gi tilgang til digitalt innhald på same rimelege vilkår som tilfellet er med fysiske ressursar.

For å sikre samordning og samarbeid mellom bibliotek på nasjonalt plan må lovverket og strategiske planar også definere og fremje eit nasjonalt biblioteknettverk basert på felles standardar for tenestene som blir tilbodne.

Folkebiblioteknettverket må utformast med tanke på nasjonale og regionale bibliotek, forskings- og spesialbibliotek pluss skule-, høgskule- og universitetsbibliotek.

Drift og styring

Det må utformast tydelege retningslinjer som definerer målsetjingar, prioriteringar og tenester tilpassa behova i lokalsamfunnet. I denne prosessen er det lurt å leggje vekt på lokalkunnskap og deltaking i lokalsamfunnet, og lokalsamfunnet bør få vere med på å ta avgjerder.

Folkebiblioteket må organiserast på ein effektiv måte, og det må oppretthaldast profesjonelle standardar for drifta.

Tenestene må vere fysisk eller digitalt tilgjengelege for alle i samfunnet. Dette krev at biblioteket har velutstyrte lokale som ligg sentralt til, har gode lese- og studiemoglegheiter, relevante teknologiar og dekkjande opningstider som passar for brukarane. Det inneber også oppsøkjande tenester for dei som er ute av stand til å besøkje biblioteket.

Bibliotektenestene må tilpassast dei forskjellige behova i mindre lokalsamfunn og i byane, i tillegg til behova til marginaliserte samfunnsgrupper, brukarar med særskilde behov, fleirspråklege brukarar og urfolk.

Bibliotektilsette skal vere ein aktiv formidlar mellom brukarar og ressursar, både digitalt og tradisjonelt. For å kunne sikre tilfredsstillande bibliotektenester og møte utfordringane i dag og i framtida trengst tilstrekkelege menneskelege og materielle ressursar, i tillegg til fagutdanning og høve til etter- og vidareutdanning for bibliotektilsette. Leiinga og fagpersonar må saman finne fram til ein kvantitativ og kvalitativ definisjon av kva som er tilstrekkelege ressursar.

Det må utarbeidast program for oppsøkjande verksemd og brukaropplæring, slik at brukarane lettare kan dra nytte av ressursane som finst.

Pågåande forskning bør fokusere på datainnsamling og evaluering av påverknadskrafta til biblioteket, for å demonstrere samfunnsnyttan til biblioteket overfor politiske avgjerdstakarar. Etersom dei samfunnsmessige fordelane med biblioteket ofte blir synlege først hos påfølgjande generasjonar, må statistiske data samlast inn over lengre tid.

Samarbeidspartnarar

For at biblioteket skal kunne nå ut til eit breiare og meir variert publikum, er det viktig å etablere partnerskap. Samarbeid med relevante partnarar – til dømes brukargrupper, skular, frivillige organisasjonar, biblioteksamskipnader, bedrifter og andre profesjonelle aktørar på lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt plan – må varetakast.

Gjennomføring av manifestet

Nasjonale og lokale avgjerdstakarar og bibliotekmiljø verda over blir hermed oppfordra til å gjennomføre prinsippa som er uttrykte i dette manifestet.

18. juli 2022